



## Statens vegvesen

### Referat

Dato: 02.05.2017  
Tid: Fyll inn.  
Referent: Kaisa Tonheim Banne

Saksbehandler/telefon:  
<Saksbehandlersnavn / tlf>  
Vår dato: Velg dato.  
Vår referanse:

### Overskrift

**Møte nr:** 2/2017  
**Sted:** Fylkeshuset  
**Møteleder:** Håkon Rasmussen  
**Til stede:** Håkon Rasmussen, John Martin Jakobsen, Bente Utne, Jostein Ljones, Arild Steine, Olav Finne, Rolf Harkestad, Carl Erik Nielsen, Kaisa Banne  
**Forfall:** Oddvar Brakestad, Alexander Fosse Andersen  
**Kopi:** Fyll inn.

	Ansvar / frist
<p><b>Status</b></p> <p><b>Status prosjekt – ved SVV</b></p> <p>Arbeidet med Nes – Norheimsund er venta ferdig i oktober 2017. Arbeid i grunnen er ferdig og vi har minimal risiko for meirkostnader.</p> <p><b>Status økonomi – ved SVV</b> <b>– forslag til bruk av resterande midlar</b></p> <p>SVV la fram oversikt over resterande midlar i pakken. Etter alle pågåande prosjekt med kontraktar er ferdig vil pakken sitte at med 2 mill. kr. I tillegg kjem inntekter ved sal av tomt ved Stronde. I samråd med meklar vert truleg prisantydning sett til 15 mill. kr.</p>	

	Ansvar / frist
<p>SVV har lyst ut vegutbetringar på ei delstrekning mellom Øystese og Skarpassvingen ved Laupsa, med atterhald om finansiering. Kostnadsoverslag er på 29 mill. kr som er rekna ut på grunnlag av innkomne tilbod. Dette inneber ei utviding av ei delstrekning ved Laupsa som vil betre framkome vesentleg på strekninga. Det vert og lagt til rette for at ein ved seinare høve kan bygge fortau etter reguleringsplan.</p> <p>Dersom ein gjennomfører eit sal av tomta med ei inntekt på 15 mill. kr vil pakken mangle 12 mill. kr for å skrive kontrakt med entreprenør. Styringsgruppa går for å foreslå at fylkeskommunen finansierer 12 mill. kr med fylkeskommunale midlar fordelt mellom åra 2017 og 2018. Bidraget vert meir eller mindre alt etter kva salssummen for tomta ved Stronde vert.</p> <p>Fylkeskommunen tek risikoen for at ein ikkje får tilstrekkeleg bompengar i innkrevjingsperioden innan innkrevjingstida i vedteken stortingsproposisjon, til å sikre ei fordeling mellom bompengar og fylkeskommunale midlar i tråd med St. prp. nr. 77 (2008–2009).</p> <p>Prosjektleiar ventar med å skrive kontrakt til vedtak i fylkestinget i juni.</p> <p><b>Revisjon av Kvammapakken – Kvam herad</b> Kommunen ventar med å legge fram sak om revisjon av Kvammapakken til ein har fått avklaringar knytt til løysingar i Tokagjelet.</p> <p><b>Status kommunedelplan Tokagjelet</b> Det er sendt ei bestilling frå Hordaland fylkeskommune om å stare arbeidet med eit planprogram for kommunedelplan for Tokagjelet. Arbeidet med planprogrammet er komen i gang. Det vert lagt opp til god involvering i silingsprosessen av alternativa som skal med i planfasa til hausten.</p>	